



# NOTAT OVERVASSHANDTERING

Reguleringsplan for del av Ogsa Sentrum, plan-ID: 1101

02.12.2022

## Innhaldsforteikning

Samandrag.....	3
1. Innleiing .....	4
1. Metoden .....	5
2. Området sitt infiltrasjonsevne.....	8
3. Eksisterande OV-anlegg.....	10
4. Dreneringsliner.....	12
5. Utrekning.....	14
6. Tretrinnsstrategien.....	16
7. Forureining .....	19
9. Anbefalingar og mogelege utfordingar .....	20
Referansar: .....	21

## Samandrag

Klimaendringane forsterkar behovet for å planlegge robuste overvassløysningar. Målsetninga for Hå kommune er å fremje utviklinga av en berekraftig forsvarleg overvasshandtering som ikkje medfører skade på miljø, bygningar og konstruksjonar.

Per dags dato er delar av det eksisterande OV-nettet ikkje dimensjonert for å handtere overvatn frå 20-års nedbørshendingar i Ogna tettstad. Det er behov for oppgradering av dette OV-systemet for å tilfredsstille gjeldande krav i kommunen sin VA-norm og førebyggje risiko for skade på miljø, bygg infrastruktur og materielle verdiar.

For reguleringsplan for del av Ogna Sentrum er det likevel mogeleg å avleie overvatn frå planområdet utan skade på bygg infrastruktur. Notatet omtala ei heilskapleg overvasshandtering for utbygginga, med fokus på harde flater og open handtering av overvatn kombinert med avlaupsanlegg.


Overvasshandteringa skal skje i tråd med tretrinnsstrategien og krav til Hå kommune si VA-norm.

Notatet erstattar ikkje prosjekterande sitt ansvar og plikt til kvalitetssikring. Det vert tilvist med dette til grannelova § 2, veglova § 57, forureiningslova § 24 a og plan- og bygningslova §§ 26-1 og 28-1.

## 1. Innleiing

Hensikten med dette notatet er å lage en strategi for lokal overvasshandtering og trygg avleiring av overvatnet. I tillegg inneholder notatet ei omtale av eksisterande VA-installasjonar i grunnen, inkl. nokre viktige tiltak bør fokuserast på.

Notatet kan danne grunnlaget for etterfølgjande forprosjekt. Det vert vist samstundes til planforslaget i høve disponering av areal. **Figur.2** viser delen av regulert planområde til reguleringsplan for del av Ogna Sentrum (**Figur.1**) som skal endrast. Den gjeldande reguleringsplanen er av eldre dato og det ikkje vert teke omsyn til overvassproblematikk.



Figur. 1 Biletet viser gjeldande reguleringsplan for del av Ogna Sentrum, plan-ID: 1101.



Figur.2 Biletet viser lokalisering av planendringsområdet i høve ortofoto.

## 1. Metoden

For urbane område mindre enn 20 ha er det brukt manuelle beregningsmetodar ved dimensjonering av overvasssystemet. Den rasjonelle formel vert difor brukt for å berekne avrenning for Tjemslandsmarka industriområdet:

$$Q = C * i * A * K_u * K_f$$

**Q** er avrenningsmengde (l/s)

**C** er avrenningskoeffisient

**i** er dimensjonerande nedbørintensitet (l/s/ha)

**A** er areal (ha)


**K<sub>f</sub>** er klimafaktor

**K<sub>u</sub>** Utryggleiks faktor

Dimensjonerande nedbørsintensitet er henta frå IVF-kurve i Hå kommune sin VA-norm. IVF-kurve er frå målestasjonen TIME - LYE og er vist i **figur.3**.

Nedbørintensiteten er tilhøvet mellom nedbørsmengda og tiden på regnet. Denne vert lest av i ei IVF-kurve ved hjelp av regntid og dimensjonerande regnskyljefrekvens. Dimensjonerande

gjentaksintervall for regnskylja varierer etter urbaniseringsgraden i området, verdiane vert henta ut frå tabell i Hå kommune sin VA-norm. Regntida vert bestemt ut frå konsentrasjonstida.



Figur. 3 IVF-Kurve for målestasjonen SN44190 i Time kommune i Rogaland.

For å utføre utrekningar med rasjonale formel er det tre avgjerande tall som må bestemmas. Det første er konsentrasjonstida. Det neste som skal bestemmas er nedbøren som skal inngå i formelen. Varigheita på nedbøren som skal inngå i rasjonale formel skal vere lik konsentrasjonstida. Det siste som må bestemmas for å gjere flaumutrekning ved bruk av rasjonale formel er å bestemme avrenningskoeffisienten.

Konsentrasjonstida ( $T_c$ ) er tida det tek for vatnet å renne frå nedslagsfeltet sitt ytrast punkt til utlaupet/målestedet og varierer avhengig av feltstorleik og feltegenskapar.

Konsentrasjonstida for naturlege felt (f.eks. skogsområde, ikkje utbygde felt):

$$T_c \text{ naturleg} = 0,6 \times L \times H^{-0,5} + 3000 \times A_{se}$$

$T_c$ , naturlig: konsentrasjonstid, [min]

$L$ : lengde av feltet, [m]

$H$ : høgdeforskjellen i feltet, [m]

$A_{se}$ : effektiv del innsjø i feltet, [-]

Konsentrasjonstiden for urbane felt (utbygde felt):

$$T_c \text{ urban} = 0,02 \times L^{1,15} \times H^{-0,39}$$

**T<sub>c</sub>**, naturlig: konsentrasjonstid, [min]


**L**: lengde av feltet, [m]

**H**: høgdeforskjellen i feltet, [m]

For å gjere flaumutrekning ved bruk av rasjonale formel må det bestemmas avrenningskoeffisienten for dei ulike flatene. Nedbørfsfeltets (**C**) er normalt 0,70 – 0,90 for industriområde. Dei låge verdiane skal brukast for flatare område og dei høge verdiane for brattare områder.

$$C_{\text{midtare}} = (C_1 A_1 + C_2 A_2 + \dots C_n A_n) / (A_1 + A_2 + \dots A_n)$$

Responstida til eit nedbørfelt omtalar den tida eit nedbørfeltet gjev avrenning ved regn eller snøsmelting. **Figur.4** viser responstider for tre ulike typar nedbørfsfelt. Responstida avhenger feltet sine fysiske eigenskapar.



Figur. 4 Skjematisk framstilling av avrenninga frå forskjellige overflatetypar (Svenskt Vatten 2015).

Det har vore brukt følgjande karttenester og kartleggingsverktøy i denne utgreiinga:

- Grass GIS
- SCALGO Live
- Gemini
- Høydedata.no
- Vann-nett.no
- Nevina

## 2. Området sitt infiltrasjonsevne

Området er nedbørsrikt og klimaprognosør tilseier at nedbør i framtida vil kome i større mengder og med større intensitet.


Urbanisering har ført til irreversible terrengtilhøveendringar i dette området. Avrenninga aukar som følgje av auka del impermeable flater og dermed hurtigare avrenning. Manglande naturleg langsam overvatnshandtering gjennom infiltrasjon og fordrøyning har auka farerisiko for overvatnskadar både innanfor og utanfor planområdet.

NGU sitt lausmassekart viser at planområdet består hovudsakeleg vindavsetningar, eolisk avsetning består av flygesand med tjukkleik på meir enn 0,5 m (**Figur.5**). Mindre delar av planområdet består av bart fjell.




Figur. 5 Biletet viser avgrensing av planen sitt delområdet i høve lausmassekart som skal endrast.

I følgje NIBIO sitt kart er det kan vere signifikant fuktighetsinnhald i grunnen (**Figur.6**).



Figur. 6 Biletet viser sannsyn for auka fuktigehetsinnhald i grunnen i det aktuelle området.

Grunnen sin infiltrasjonsevne har betydning for fysisk filtrering av overvatnet og biologisk nedbryting av forureining. NGU sitt kart over infiltrasjonsevne viser at planområdet er middels egna på grunn av lausmassen si kornfordeling, permeabilitet og sanddjupn (**Figur.7**).



Figur. 7 Biletet viser grunnen si infiltrasjonsevne i det aktuelle

Etter ei samla vurdering vil det konkluderast at planområdet si infiltrasjonsevna er noko redusert. Denne rapporten vil ta omsyn til området si infiltrasjonsevne ved å justere avrenningskoeffisientar for overflata.

Auka avrenning kombinert med redusert infiltrasjonsevne kan føre til overflateflaum som vil forårsake skadar på bygningsmassen, opparbeide areal både internt i planområdet og for omkringliggende område. Alle utbyggingsområde i eit avrenningsfelt bør ha same krav basert på risiko for skade på mest flaumutsett bygg i planområdet.

### 3. Eksisterande OV-anlegg

Eksisterande OV-leidningsanlegg i det aktuelle området består av tre OV-hovudleidningar som leier overvatnet mot to ulike resipientar (**Figur.8**). To leidninger avleier overvatnet mot Ogna elv vassførekost-ID:027-88-R. Ei leidning avleier overvatnet mot Helgå-elv (Elv Holmavatnet – Ogna vassførekost-ID: 027-112-R). Overvassavleiing skjer i begge tilfelle utan reinsing.



Figur. 8 Illustrasjonen viser ulike røyrdimensjonar til det eksisterande OV-leidningsnettet i høve planområdet.

Røyrdimensjonar til leidningsnettet innanfor planområde bør vere dimensjonert for 20-års nedbørshendingar. Det er difor naudsynt å vurdere dei eksisterande røyrleidningane sin vassføringsevne. Vassføringsevna vert utrekna ved hjelp av Colebrook-White's formel.

Hovudansvaret for avleiring av overvatnet frå Ogna-tettstad sitt leidningsnett mot Ogna elv har to leidningar. Kapasiteten er berekna å bli 686 [m<sup>3</sup>/h] på kvar leidning (**Tabell.1**).

Røyrtype	Ruleik	Fall	Vasstemperatur	Strømmingshastigkeit	Kapasitet
Betong Ø500 mm	0,8 mm	3 %	10 C°	0,990 [m/s]	0,223 [m <sup>3</sup> /s]
					223 [l/s]
					809 [m <sup>3</sup> /h]
Betong Ø300 mm (Planområdet)	0,8 mm	3 %	10 C°	0,823 [m/s]	0,058 [m <sup>3</sup> /s]
					58 [l/s]
					210 [m <sup>3</sup> /h]

Tabell. 1 Berekna kapasitetsverdiar for VO-leidningane frå Planområdet mot Ogna elv.

Det er også ei ytterlegare OV-leidning lokalisert i nord som avleier overvatnet mot Helgå. Kapasiteten er berekna å bli 110 [m<sup>3</sup>/h] (**Tabell.2**).

Rørtyp	Ruleik	Fall	Vasstemperatur	Strømmingshastigkeit	Kapasitet
Betong Ø200 mm	0,8 mm	7 %	10 C°	1.26 [m/s]	0.0305 [m <sup>3</sup> /s]
					30,5 [l/s]
					110 [m <sup>3</sup> /h]


Tabell. 2 Berekna kapasitetsverdiar for VO-leidningar i sørvest med avleing mot Helgå.

Denne leidninga avleier også overvatnet frå ein mindre del av nedbørsfeltet mot Helgå.

## 4. Dreneringsliner

Det vart gjennomført overflateavrenningsanalyse ved hjelp av Grass GIS og SCALGO for å identifisere dei naturlege flaumvegar ut frå terrengtilhøve og den eksisterande bygningsmassen i det aktuelle området.

Det er ingen elvar eller bekkar som renn gjennom planområdet og omtalte nedslagsfelt er av avgrensa areal. Planområdet må sjåast på som ikkje utsett for flaum i vassdrag, men det må leggjast til rette for at lokalt overvatn kan handterast på terrenget også ved ekstreme nedbørsmengder ved å legge til rette for trygge flaumvegar.



Figur. 6 Illustrasjonen viser de aktuelle avrenningsdelfelt og dreneringsliner  $\geq 10.000 \text{ m}^2$  (flaumveg-Single flow).



Figur. 7 Flybiletet viser 2 dreneringsliner (flaumvegar) og nedsenkninger i høve avgrensing av planområdet.

Illustrasjonen under (**Figur.6** og **Figur.7**) viser flaumvegar med tilrenningsareal  $\geq 10.000 \text{ m}^2$  som utgjer ein flaumskaderisiko ved sterk nedbør. Terrengtilhøvet, eksisterande bygningar og infrastruktur vil dane barrierar som stuvar opp flaumvatn, fremjar erosjon og medfører skadar på bygg og infrastruktur.


Analysen viser at avrenning frå 200-års nedbør skjer via to primære opne flaumvegar som går frå, og gjennom, planområdet mot Ognaelva (hovudresipient). (**Figur.7**).

For nedbørsheningar med høgare intensitet enn det eksisterande overvassanlegget sin kapasitet, eller ved ein situasjon der slukane er tette eller har fryst vil overskotsvatnet følgje flaumvegar mot Ognaelva.

Når avrenningsmengdene vert større enn overvassnettet kan handtere (20 års nedbør) vil det gå ut over bygningar og områda rundt. Det vil kunne oppstå oppstuving i kummer fordi vatnet ikkje kjem seg vidare i leidningsnettet. Det er difor viktig at overvatnet vert avleia på ein trygg måte på overflaten mot recipient.

Flaumvegene har en avrenningsareal på 81 dekar (**Figur.8**). Planområdet består av 25% bart fjell (fast dekke) og 75% vindavsetninger. Per dags dato er planområdet sitt areal bebygd ca 70% og 30% utgjør grøntinnslag.

Risiko for skader på bygg og infrastruktur vurderes som middels ut frå grunnen sin infiltrasjonsevne og grøntinnslag innanfor planområdet.



Figur. 8 Illustrasjonen viser planområdet sitt nedbørsfelt.

## 5. Utrekning

Hå kommunen sin VA-norm seier at IVF-kurvene skal multipliserast med ein klimafaktor 1,2. NVE og Miljødirektoratet tilrår et klimapåslag for korttidsnebør på 1,4 og utryggleksfaktor 1,1. Basert på forventa endring i dimensjonerande nedbør fram til slutten av århundret. Derfor har det vore brukt høgare klimapåslag for utrekningane.

Leidningsnettet sin vassføringsevne må konfronterast med sin belasting utanfor planområdet.

Det vert utrekna belasting på to OV-leidning som avleier overvatnet frå planområdet mot Ognaelva (**Tabell.1**). Denne leidninga samlar overvatnet frå innanfor og utanfor planområdet. Derfor vil det utrekna avrenning frå nedbørsdelfeltet merka i grønt i **Figur.8**.

- Utrekning av avrenning (overvassmengder) frå 20- og 200-års nedbør**

Det aktuelle området framstår hovudsakeleg utbygd. Planendringa vil ikkje endre det hydrologiske tilhøve i det aktuelle området i høve føresetnadene i den gjeldande reguleringsplanen. Utrekninga under gjeld et utbygd/gjennomført område i tråd den gjeldande planen og etter planendring.

Fyrst vert det utrekna konsentrasjonstid ( $T_{c\ urban}$ ):

$$T_{c\ urban} = 0,02 \times 420^{1,15} \times 4^{-0,39}$$

$$T_{c\ urban} = 12 \text{ min}$$

### IVF-verdier (l/(s\*ha)) -Lye, Time Rogaland, (1981-2021)

Gjentaksintervall (år)	Varigheter (minutter)															
	1	2	3	5	10	15	20	30	45	60	90	120	180	360	720	1440
2	221,7	197,3	172,5	139,5	98,6	78,1	65,5	49,7	38,8	32,3	25,6	22,4	18	12,5	8,6	5,3
5	293,2	258,7	225,5	187,1	140,3	111,6	94,9	72,9	56	45,6	34,8	29,4	23,2	16	10,9	6,7
10	348,9	304,2	267,7	223,8	172,7	137,7	118,1	91,2	69,8	56,1	42,2	34,9	27,2	18,6	12,6	7,7
20	408,3	351,4	311,9	263	208,3	166,8	144,1	111,6	85,3	67,9	50,3	41	31,5	21,5	14,3	8,8
25	427,5	368,7	327,1	276,2	220,4	177,1	152,8	118,8	91	72	53,3	43,1	33	22,5	14,9	9,1
50	493,7	421	378,7	320,9	260,4	211,4	182,8	142,3	109,3	85,7	63,1	50,6	38,1	25,7	16,7	10,2
100	569	480,8	433,4	371	306,4	249,4	216,5	169,6	130,7	101,7	74,4	58,9	43,8	29,3	18,6	11,3
200	647,6	545,7	497,3	426,2	355,9	292,7	255,9	201,7	154,3	120,5	87,2	68,2	50,4	33,4	20,6	12,5

Tabell. 3 IVF-verdiar ved målestasjonen på Lye, Time, (Kilde: Norsk Klimaservicesenter – IVF-statistikk).

Konsentrasjonstiden for området er 12 min, og det må interpolerast mellom 10 min og 15 min:

$$\text{Nedbørsintensiteten, } 20 \text{ år, } i = 166,8 + ((208,3 - 166,8)/5) * (15 - 12) = 192 [\text{l/s*ha}]$$

$$\text{Nedbørsintensiteten, } 200 \text{ år, } i = 29,1 + ((355,9 - 292,7)/5) * (15 - 12) = 331 [\text{l/s*ha}]$$

Landbruksområde		
Type flate	A	C
Lite tettbygd området, heilning 2 %	118760 m <sup>2</sup>	0,35
Avrenningskoeffisient:		0,35

Tabell. 4 Utrekning av avrenningskoeffisient for landbruksområde i nordaust.

Overflateavrenning frå feltet,  $Q_{20}$  og  $Q_{200}$ :

$$Q_{20} = 0,35 * 192 * 8,1$$

$$Q_{20} = 544 \text{ [l/s]}$$

$$Q_{200} = 0,35 * 331 * 8,1$$

$$Q_{200} = 938 \text{ [l/s]}$$

Gjentaksintervall	20 år	200 år
Nedbørintensitet, $i$ [l/s ha]	192	331
Konsentrasjonstid, $T_c$ naturleg [min]	12	12
$A$ [ha]	8,1	8,1
$C$ Avrenningskoeffisient	0,35	0,35
$Q$ [l/s]	544	938
$K_f$ [-]	1.4	1.4
$Q$ , inkl. klimafaktor [l/s]	761	1313
$K_u$ [-]	1.1	1.1
$Q$ , inkl. $K_f$ og $K_u$ [l/s]	<b>837</b>	<b>1444</b>
$Q$ , inkl. $K_f$ og $K_u$ [m <sup>3</sup> /s]	0,837	1,444

Tabell. 5 Utrekning av avrenningsmengde [l/s] for det aktuelle nedbørsfeltet.

- Belastning på eksisterende OV-nettet.

Det eksisterande OV-nettet er vurdert å vere strekt underdimensjonert. Berekninga viser at per dags dato ikkje er det mogeleg å handtere overvatnet frå planområdet gjennom det offentlege OV-systemet ved 20 nedbørshending (**Tabell. 6**). Situasjonen kan omtalast som kritisk.

20-års nedbør			
OV-leidning mot Ognaelvå		Belastning	
	Røyrtype	Kapasitet	
1.	Beton Ø300 mm	Maks vassføring	Avrenning frå planområdet
		58 [l/s]	837 [l/s] Sterkt underdimensjonert


Tabell. 6 Forventa belastning på OV-leidninga ved 20-års nedbør i høve til ledninga sin kapasitet.

Det er anbefalt oppgradering av OV-nettet i Ogna tettstad før ytterligere utbygging skjer. Det vert samstundes anbefalt å sikre oppgradering av OV-nett gjennom eitt rekkjefølgjekrav for å tilfredsstille dei gjeldande krava i VA-norma. Det vert anbefalt ei OV-Røyrleidning med vassføringsevne på 850 [l/s].

## 6. Tretrinnsstrategien

For å oppnå hovudmåla for overvasshandteringa skal det brukas ein utvida tretrinns-strategi. Den tradisjonelle tretrinns-strategien (trinn 1-3) er utvida med trinn 0 (planlegging) og trinn 4-5 (utslepp til vassdrag og sjø). Spesielt utviding med trinn 0 Planlegging, må sjåast på som naudsynt for å få ei heilskapleg overvassløysning:

- Overvasshandtering skal tidleg inn i alle plansaker og byggesaker.
- Små nedbørsmengder vert infiltrert i grunnen. Styrke biologisk mangfald av flora og fauna i tettstaden.
- Større nedbørsmengder vert fordrøyt og forsinka.
- Ekstreme nedbørsmengder vert leia trygt vidare i ope flaumvegar.
- Forebygge vasskadar og minke forureiningsutslepp.
- Overvatn skal i størst mogeleg grad førast direkte til vassdrag.
- Sikre at forureina overvatn ikkje når vassdrag og sjø.



Figur.9 Illustrasjonen viser tretrinnsstrategi for overvasshandtering.

### Trinn 1 - mindre regn

Mindre regn vil bli handtert lokalt innanfor planområdet gjennom infiltrasjon og fordamping.

### Trinn 2 - 20-års nedbør

Ved 20-års nedbør vil overvatnet vere leia bort frå bygg og veginfrastruktur gjennom offentleg avløpsnett mot Ognaelva, når det offentlege VA-nettet vert dimensjonert for 20-års nedbør.

**OBS!** Det må gjerast konkrete oppgraderingstiltak innanfor og utanfor planområde for å ta i mot avrenningsbelastning på eksisterande VO-leidningane ved 20-års nedbørshendingar i Ogna tettstad.

### Trinn 3 - 200-års nedbør

Overvatnet frå 200-årsnedbør skal leiast bort frå bygg og veginfrastruktur gjennom rør i bakken, ope flaumvegar og eller på overflaten mot dreneringsgrøfter langs Nordsjøvegen mot Ognaelva (**Figur.10**).

Overvatn som vert fanga opp av slukane i Ogna tettstad og vert leia inn i OV-nettet mot Ognaelva vil skje i høve trinn 1 og 2 i 3-trinnsstrategien.



Figur. 10 Illustrasjonen viser anbefalt forslag til trygg avleiring av overvatn fra Ognatettstad mor Ognaelv ved 200-års nedbør.

## 7. Forureining

For å sikre at overvatn kan nyttast som ein ressurs, er det naudsynt å vurdere faren for forureining.

Alle utsleppane av overvatn utgjer saman ei vesentleg kjelde til forureining. Når nedbør treffer bakken og renner av som overvatn, vaskar vatnet med seg miljøgifter, mikroplast og næringsstoff.

Forureiningspotensialet til overvatn vert påverka av ulike typar overflater vatnet har vore i kontakt med før utslepp til resipient. Aktivitetane som skjer på industrioverflatene vil også ha tydingar, for eksempel trafikk, lekkasjar og uhell.

Avrenning frå vegnettet, parkeringsareala og uteområda kan vere forureina der bidraga stammar frå forbrenning av drivstoff, oljesøl, slitasje på bremseanlegg, dekk og vegbane, samt korrosjon på køyretøya. Det er difor viktig med tiltak i form av f.eks. naturbasert filtergrøft/sandfiltergrøft langs Nordsjøvegen. Ved riktig dimensjonering vil ei slik filtergrøft ha følgjande reinseffekt (jf. Statens vegvesen sin rapport: Rensing av overvann i byområder - Kompakte rense løsninger):

- Suspendert stoff (partiklar): 70 – 90 %
- Totalfosfor: 50 – 70 %
- Tungmetall: 70 – 90 %
- Organisk stoff: 70 – 90 %

Det er anbefalt at Nordsjøvegen sine sideareal blir utforma i form av mindre grøft for å rense overvannet fra planområdet og vegbanen. Grøfta bør utformast slik for å sikre trygg og kontrollert avleiing av overvatn frå planområdet tol Ognaelva ved 200-års nedbørshendingar.

## 9. Anbefalingar og mogelege utfordingar

- Det er anbefalt snarleg oppgradering av OV-leidninga for å auke kapasitet og sikre naudsynt dimensjonering for 20-års nedbør. Oppgradering av eksisterande OV-leidning for handtere 20-års nedbørshendingar burde sikrast gjennom rekkjefølgjekrav i planføresegnene.
- Ved utbygging av F/H/K delfeltet er det anbefalt ein planeringshøgde på min. 4,3 meter (m.o.h). Dette vil førebyggje oppsamling av overvatn innanfor delfeltet.
- Alle dimensjoner og mengder oppgjeve i dette notatet er rettleiande og ved behov er det anbefalt at desse vert oppdatert med nye/ferskare IVF-verdiar for Time-Lye målestasjon ved vidare detaljprosjektering.
- Lokal overvasshandtering skal ligge til grunn i alle tiltak.
- Avlaupsmengder som skal tilførast det eksisterande kommunale OV-leidningsnettet må avklarast med Hå kommune.
- Det er anbefalt å etablere dimensjonert grøft langs Nordsjøvegen og vidare mor Ognaelva for å avleie overvatn frå planområdet på ein trygg og kontrollert måte ved 200-års nedbør (**Figur.10**). Grøfta vil samstundes ha reinsefunksjon.
- Forureiningslova regulerer ansvar for skadar forårsaka av avlaupsleidning fordi kapasiteten ikkje strekk til eller fordi vedlikehaldet har vært utilstrekkeleg.
- Val av alternative billigare OV-løysningar/-tiltak kan resultere i redusert tryggleik for Ognatettstad.

## Referansar:

- Berg, A., Lunde, T og Mosevoll, G. (1992): Flaumbererekningar og kulvertdimensjonering. Trondheim, SINTEF. 89 s
- Hå kommune (2020), VA-norm. Henta frå vedlegg 9: Overvasshandtering. Dimensjonering av leidning og fordrøyningsvolum.
- Lawrence, D., & Hisdal, H. (2011). Hydrological projections for floods in Norway under a future climate.
- Lindholm, O., Endresen, S., Thorolfsson, S., Sægrov, S., Jakobsen, G., & Aaby, L. (2008). Veileddning i klimatilpasset overvannshåndtering. Norsk vann, 162, 8.
- Norem, H., Sellevold, J., Lund, M. R., Viréhn, P. E. L. (2015): Overvasshandtering og drenering for veg og jernbane. Oslo: Naturfareprosjektet NIFS. 282 s
- Norges vassdrags- og energidirektorat (2015), Rettleier for flaumberekningar i små uregulerte felt.
- Norges vassdrags- og energidirektorat (2022), Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar.
- Statens vegvesen (2018), Lærebok: Drenering og håndtering av overvatn, nr.681
- Statens vegvesen (2020), Handbok V240 – Vasshandtering.
- Statens vegvesen (2007), Reinsing av overvatn i byområde - Kompakte reinseløysningar.
- Statens vegvesen (2015), Lærebok - Drenering og håndtering av overvann, nr. 681.
- Svenskt Vatten (2015), Avledning av spill- drän- og dagvatten, Publikasjon 110.
- VA/Miljø-blad nr. 69 (2015), Overvassdammar Berekning av volum.
- VA/Miljø-blad nr. 70 (2006), Innlaup- og utlaupsarrangement ved overvassdammar.
- VA/Miljø-blad nr. 75 (2007), Utforming av overvassdammar.
- VA/Miljø-blad nr. 92 (2009), Overflateinfiltrasjon.
- VA/Miljø-blad nr. 104 (2012), Fordrøyning av overvatn.
- VA/Miljø-blad nr. 125 (2009), Handtering av overvatn.